



Trio Bygg Bergen AS
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1329 - 14/20058

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
18.12.2014

Godkjenning - GBNR 38/79 - Endring av terrengutforming

Administrativt vedtak. Saknr: 373/2014

Saksutgreiing:

Vi syner til endringssøknad med vedlegg journalført 16.12.2014.

Meland kommune gav løyve til oppføring av bustad på gbnr 38/79 ved vedtak dagsett 3.6.2014, DNT-sak 141/2014. Løyvet vart gjeve på følgjande vilkår:

«Innan det vert gitt bruksløyve må det sendast inn søknad om endring i høve til opparbeiding av terreng og utomhusareal med tilhøyrande terrengprofilar[...]»

Vurdering:

Administrasjonen viser til situasjonsplan og terrengprofilar vedlagt endringssøknaden og vurderer at vilkåret i byggjeløyvet med dette er stetta. Endringane vert godkjent som omsøkt og føresett i byggjeløyvet av 3.6.2014.

Vedtak

«I medhald av pbl § 20-1 og i samsvar med vilkår løyve av 3.6.2014 vert søknad om endring av terrengutforming på gbnr 38/79 godkjent som omsøkt, jf søknad journalført 16.12.2014 og vedlagt situasjonsplan og profildeikningar stempla godkjent 18.12.2014. Det vert elles vist til byggjeløyvet av 3.6.2014 som gjeld for tiltaket.»

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gebyr for handsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente teikningar - gbnr 38-79 - Endring av terrengutforming

Mottakere:

Trio Bygg Bergen AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG